

Det var og matykt under denne seansa med pizza, brus, kaffi og skuffekake. **Knut** synest sistnemde var særsgod.

Sak 5: Rekneskap

Kjell Bjørn gjekk kjøpt i gjennom denne og ba møtelyden spesielt legge til merke dei uteståande beløpa på kr. 5.400. Denne summen representerer kle på lager. Klubben har såleis 10.485,11 kroner til disposisjon.

Rekneskapan vart godkjent utan kommentarar. **Rolv** ba oss leggje til merke at Rolls-Royce hadde betalt serverleiga i år (3.000.-) noko som fortjente ros og heider. Det var alle enig i.

Sak 6: Val av styre

Valnemda har vore samansett av **Lars Fiskarstrand** og **Geir Jøsok**. Møtet kom i felleskap fram til følgande forslag:

Formann:	Arnt Vidar Ulstein
Nestformann:	Aud Janne Hatlebakk
Styremedlem:	Kjell Bjørn Hatlebakk
Styremedlem:	Siv Berge
Varamedlem:	Jan Helge Djupvik
Kasserar:	Kjell-Bjørn Hatlebakk
Revisor	Lars Fiskarstrand
Valnemnd:	Lars Fiskarstrand
Valnemnd:	Geir Jøsok

Forslaget vart vedtatt ved akklamasjon.

Sak 7: Turkomité

Arnt Vidar kom med forslag om å lage ein turkomité og ville såleis ha forslag frå salen kven som kunne ta del. Etter at **Asbjørn** sa han ville ha minst 3 i gruppa vart det foreslått følgande:

Asbjørn Hole
Hallstein Lyng
Jan-Helge Djupvik

Dette var ok for alle. Det kom straks forslag om turar (Flofjellet, Beitostølen), men dette ville komitéen kome tilbake til.

Sak 7: Kontingent

Innlemma i innkallinga til årsmøtet var der eit forslag til kontigentar i år:

Voksne:	200 kroner
Ektefelle	150 kroner
Barn under 15 år	100 kroner.

Kontingenten for voksne meinte **Asbjørn** og store delar av møtet var for lav. Ellers var vi samde. Konklusjonen vart såleis:

Voksne:	300 kroner (som i år)
Ektefelle	150 kroner
Barn under 15 år	100 kroner.

Så vart det spurd: Kva er kontigentpengane nytta til?

- Mat og drikke på årsmøtet
- Rimligare drakter for medlemmar

Siv meinte at pengane skulle nyttast til sponning av turar til ei viss grad. Dei kunne også nyttast til premiar (t.d. under Ulsteindagane). Møtet var samd om at pengane **IKKJE** skulle nyttast til rittfinansiering for medlemmane i klubben.

Arnfinn ville ha drøfta kva rekrutteringstiltak vi kan implementere sidan sykkel er slik i vinden. **Aud-Janne** sa det var trist at klubben har fått eit slikt "råkøyr" stempel på seg; folk ikkje torer å ta del på fellestrening sidan tempoet er så høgt. **Arnfinn** kom også med forslag om at der bør vere ei 3. trening der tempoet skal vere lågt og tilpassa urøynde.

Aud-Janne sa at ei eiga Tennspinn trening var ynskjeleg og at denne kunne vere på Torsdagar, og då med mest sykling på asfalt. Det var og ynskjeleg at fleire eldre tok del på desse treningane.

Kjell Bjørn kom med forslag om å gå tilbake til gamal treningsordning der vi hadde fellestreing onsdag og søndag. **Knut** var ikkje samd i dette, men saka vart ikkje diskutert noko vidare.

Asbjørn ville ha langtur (døme: t/r Runde) kvar Laurdag.

Arnt Vidar sa at Aktivsenteret har ein jobb å gjere ved å synleggjere fordelar for oss som ekstra spinningstid og moglegheiter for 4 mnd. frysing av medlemmskapet.

Sak 8: Info om ritt

Arnt Vidar informerte litt om Norvest Maraton og deira ynskje på å gjere noko meir av rittet til neste år. Han syntte vidare fram ulike løypealternativ og gjorde greie for desse. Det var alt frå enkle løyper til traséar og pasasjer som nok kan karakteriserast for avanserte og kun for røynde syklistar. Ein møtedeltakar spurde også om kven som skulle ta del på sjøve rittet om dei fleste måtte arrangere og stå vakt, utan at eg kjem i hug kva svaret på dette var.

Møtet vart heva klokka 22.00.



Knut Kleiven
Referent